

NR. 1 -JANUAR 2025

MASFJORDINGEN



Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



GUDSTENESTER

9. februar

Solheim kyrkje kl.18:00

Songkveld v/Torbjørn Sæle, Boris Kuprijanov, forsongargruppa og solosong av Else Iren Westervik Kyrjekvelds etter gudstenesta.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden.

23.februar

Frøyset kyrkje kl.11:00

Gudsteneste med dåp

v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

Kyrjekaffi.

Takkoffer til kulturarbeid i kyrkjene i Masfjorden.

9.mars

Granneheimen kl.18:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov.

Kveldsmåltid etter gudstenesta.

Takkoffer til kulturarbeid i kyrkjene i Masfjorden.

16.mars

Solheim kyrkje kl.11:00

SUPERSØNDAG.

Familiegudsteneste v/Torbjørn Sæle,

Else Iren Westervik og Boris Kuprijanov

«Tårnagentane» og kyrkja sitt barnekor deltek.

Kyrjekaffi. Takkoffer til Søndagskolen Norge.

23.mars

Frøyset kyrkje kl.11:00

Temagudsteneste: «Middag og misjon»

v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

Besøk frå Det Norske Misjonsselskap (NMS).

Nattverd. Middag etter gudstenesta.

Takkoffer til NMS.

30.mars

Sandnes kl.11:00

Gudsteneste med dåp

v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

Kyrjekaffi.

Takkoffer til Søndagskolen Norge.

6.april

Sandnes kyrkje kl.16:00

Påskemusikalen «Lys levande»

Framført av kora Soul kids og Te Deum, begge frå Ostereidet.

Gratis inngang. Kollekt.

Det kan kome endringar. Oppdatert informasjon om gudstenestene i Masfjorden finn du i kalenderen på nettsida vår: www.masfjorden.kyrkja.no

Takkoffer kan gjevast på Vipps nr. 620513.

KYRKJELEGE HENDINGAR

DØYPTE:

08.12.2024 Elliot Nordvang Petrovs

Frøyset kyrkje

Foreldre:

Nelly Fredriksen Nordvang og Agris Petrovs

19.01.2025 Philip Bruce Palmer

Frøyset kyrkje

Foreldre:

Kristine Brekke Brosvik og James Philip Palmer

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpe dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

VIGDE:

14.12.2024

Borghild Kirsten Neverdal og Terje Kvamsdal
Kyrjekontoret

Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og onde dagar set si lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.



Framsida: Frå opninga av Friluftlivets år ved Dagsturhytta. Foto: Merete Tvedt Låstad, Strilen

Dødsfall

12.11.2024 Dorthea Brügger Vollen f. 1933
16.12.2024 Gerd Hillborg Søvik f. 1938
22.12.2024 Inge Håkon Sleire f. 1959
19.01.2025 Elmer Rolf Dyrøy f. 1942

Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



Foto: Bo Mathisen

ANDAKTAR VÅREN 2025

på Masfjorden sjukeheim

Kl. 12.00: Andakt på Arbeidsstova

Kl. 12.30: Songstund på Nystova



Følgjande torsdagar:

23. januar

20. mars

6. februar m/nattverd

8. mai

20. februar

5. juni m/nattverd

6. mars

19. juni

Skjærtorsdag 17. april: Påskekudsteneste kl. 16.00

Lørdag 17. mai: 17.mai-gudsteneste kl. 15.30



ved sokneprest Torbjørn Sæle
mobil 95 14 16 85



DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden sokn

DÅPSSKULE

No er våren rett rundt hjørnet og det same er dåpsskulen. Dåpsskulen er for alle døypte born som er født i 2020 og blir 5 år dette året. Mange av desse var i fjor i kyrkja og fekk utdelt «Kyrkjeboka mi». Det blir tre dåpsskulesamlingar i kvar av kyrkjene våre her i Masfjorden.

Datoar for dåpsskule samlingane er:

Solheim kyrkje

17.februar, 24.mars og 28.april.

Sandnes kyrkje

18.februar, 25.mars og 29.april

Frøyset kyrkje

19.februar, 26.mars og 30.april

Klokkeslettet blir 16:30-18:00 alle stader.



Ver snar å meld på via heimesida vår www.masfjorden.kyrkje.no (i artikkelen om dåpsskule) og sei samstundes om du kan vera med å gje ei hjelpande hand. På førehand takk!

Helsing Else Iren Westervik, trusopplærar

Foto: DNK Bo Mathisen




Barnas

Fargelegg!

Prikk til prikk


Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?



Vits:

Har du høyr
om klovnen som
slutta i jobben
fordi alle lo av
han?

Hugsar du bibelforteljinga om då Peter ville prøve å gå på vatnet slik som Jesus? Fargelegg biletet av Peter som går på vatnet.



Teikning: Chiara Bertelli

Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarar du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N




Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Vits:

Ei bekymra snigelmor til barna sine: – Ikkje løp over vegen! Om tre timer kjem bussen!



Søndagsskolen – mer enn du tror

GENERASJONANE MØTTEST PÅ SJUKEHEIMEN

På siste samling før jul hadde småbarnstrallen lagt samlinga til sjukeheimen. Der vart det songglede for små og store, med gitar og rytmeinstrument. Det vart også tid til prat og kaffi og gode møte mellom generasjonane.

Tekst og foto: Torbjørn Sæle



SMÅBARNSTRALL VÅREN 2025

Me har stata opp att med småbarnstrall som også i vår blir annakvar torsdag kl. 10:45 – 12:30 i Sandnes kyrkje.

Aldersgruppa er frå 0 – 5 år.

Både mødre og fedre er velkomne.

Datoane framover er:

Partalsveker før påske:

23.01, 06.02, 20.02, 06.03, 20.03, 03.04.

Oddetalsveker etter påske:

24.04, 08.05,

22.05 Besøk på sjukeheimen kl 11:00

Velkomne til ein meningsfull møtestad i småbarnstida!

Else Iren Westervik, trusopplærar

KVAR GONG VI MØTEST

Det er kanskje fleire enn meg som har funne seg ein plass i sofaen ein laurdagskveld for å sjå kjente artistar som møtast og deler frå liva sine i beste sendetid.

«Hver gang vi møtes» har blitt ein stor suksess på TV2. Artistane som samlast på Kjerringøy deler måltid og opplevingar, tolkar kvarandre sine songar og får etter tur plass ved enden av bordet. Då er det tid for å dela frå livet, og tid for å lytta. Vi får høyra om oppturar og nedturar, det er latter og tårer. Det er tru og tvil. Det vert skapt trygge rammer. Personen som er i sentrum den aktuelle dagen, blir sett og møtt med eit nådig blikk av dei andre rundt bordet. Det er heiarop, klapp på skuldrene og klemmar. Det er leirbålstemming og nye venskapsband vert knytt. Og det er ingen som ryk ut. Det er unge og vaksne, det er dei med mykje erfaring og dei med fleire erfaringar i vente. Det er ulike stilartar som så absolutt finn tonen saman. For det skjer verkeleg noko når dei møtast. Og har du ikkje sett programmet, så er det vel verdt leita fram den første episoden. Der deler Carola om sitt liv og si tru og tar dei andre artistane med i kyrkja for å syngja Amazing Grace.

Det skjer noko kvar gong eit menneske får snakka ærleg og sårbart om livet. Det skjer noko både med den som deler og med den eller dei som lyttar. Eg trur vi treng meir av det. Arenaer der vi deler av vår historie og frå liva våre. Av det som betyr noko. At vi snakkar sant med kvarandre og til kvarandre. Ein prat som handlar om meir enn vår og vind, er ofte vinn-vinn. Enten det er på butikken, på kyrkjekaffien eller i eit meir uforstyrtra rom. For dei aller fleste av oss treng vi heller ikkje tenka på at kamera går og at det som blir sagt når ut i dei tusen heimar. Men vi kan dela med nokon vi stolar på, og når det er naturleg, til ein som har teieplikt.

Eg trur vi alle har godt av å få snakka om oss sjølv. I alle fall om vi har nokon som er villige til å lytta. Nokon er meir glad i det enn andre, det er heilt naturleg. Vi er forskjellige, og dei som ikkje alltid deler så mykje, kan byrja med å dela litt med nokon. For det var aldri meininga at vi skulle fiksa alt på eiga hand.

Vi kan trenga kvarandre og vi kan trenga støtte frå ein levande Gud som møter oss med sin nåde og fred. Som heiar på oss og som jublar over oss med fryd.

Det skjer noko når menneske møtest og deler liv saman.

«*Ber bøkene for kvarandre og oppfyll på den måten Kristi lov.*» (Galatarane 6,2)

Det skjer også noko kvar gong kyrkjeklokkene ringer og vi møtest til gudsteneste.

«*For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.*» (Matteus 18,20)

Det skjer noko kvar gong dåpsvatnet treffer eit hovudet og Jesus sin ord lyder:

«*Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.*» (Johannes 8,12)

Det skjer noko kvar gong presten løfter opp brødet og vinen og nattverdsmåltidet vert feira.

«*For kvar gong de et dette brødet og drikk av begeret, forkynner de Herrens død, heilt til han kjem.*» (1 Korintarbrev 11,26)

Det skjer noko kvar gong vi vender oss til Gud i bøn. «*Herre, du kjenner min lengsel, mitt sukk er ikkje løynt for deg.*» (Salmane 38,10)

Og det skjer noko kvar gong vi få ta imot velsigninga.

«*Herren velsigne deg og vare deg!
Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig!
Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!*» (4 Mosebok 6,24-26)

Torbjørn Sæle, sokneprest

MANGE FLEIRE GÅR TIL GUDSTENESTE I MASFJORDEN

I 2024 var det over 40% fleire som var på gudsteneste enn året før. Og det er fleire gode tal i den ferske årsstatistikken til Masfjorden sokn.

I januar er det tid for å sjå tilbake på året som har gått, og samtidig ser vi framover mot det nye som ligg framfor. Frå kyrkjestatistikken for 2024 kan det rapporterast om svært gledelege tal. Spesielt stor var auka i talet på kor mange som møtte til gudstenester i Masfjorden i 2024, heile 3339 personar mot 2350 året før. Det er ein solid auke på tett opp mot 1000 fleire gudstenestedeltakarar.



Naturlege variasjonar på kor mange som vert fødde, døypte og konfirmerte, spelar sjølvsagt inn, men den prosentvise oppslutninga er stabil og svært god. Det var nokre fleire gudstenester enn året før, men uansett er framgangen gledeleg stor. Snittet per gudsteneste, inkludert gudstenester på sjukeheimen, friluftsgudstenester m.m. auka frå 46 til 57, og vi må slå fast at det har vorte meir vanleg å gå til gudsteneste i Masfjorden.

Tendensen er også den same fleire andre stader. Oppmøtet i kyrkja på julaften var i 2024 større enn i 2023 i alle sokna i Nordhordland. Lokalavisa skreiv om ei overraskande auke.

– Det er meir urolege tider og det er fint å kjenne på det som kanskje er nært og trygt, og sånn er det i kyrkja, sa prost Helge Taranrød til avisa Strilen 17. januar.

Supersøndag

Ein ganske vanleg søndag i oktober fann til saman over 300 menneske vegen til gudsteneste. Då var det nemleg Supersøndag med gudstenester i Solheim, Frøyset og Sandnes kyrkjer med utdeling av kyrkjebøker, dåp og barnekorsong. Supersøndag er det nye namnet på enkelte søndagar der det gjerne

er trusopplæringstiltak eller fleire gudstenester med barn og unge i sentrum. Dette har vist seg å bli teke godt imot av mange.

Som prest er det fint å vera ein del av ein flokk med engasjerte medarbeidarar, både tilsette, rådsmedlemmer, andre som bidrar for å kunna gje innbyggjarane eit så godt tilbod som mogleg.

På dei meir ordinære gudstenestene og i ferietid kan talet på frammøte vera nokså låge, også dette året. Av den grunn har det også vore satsa på alternative samlingar som til dømes songkveldar og nokre gudstenester med spesielt fokus. Johnny Cash-messa i haust var også ei av dei godt besøkte gudsteneste. Og du, det er plass til deg - både dei heilt vanlege søndagane, ved høgtid og glede og i sorg.

Gudstenestelivet er langt frå det einaste som skjer i kyrkja. I løpet av året som har gått var det også starta opp att med småbarnstrall og eit nystarta barnekor som er i vekst.

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest
Foto av 4-åringar som får bok på Supersøndag i Sandnes kyrkje: Lillian Andvik.

JULEVANDRING I BARNEHAGANE

Utkledd som Maria og Josef, englar, gjetarar og vismenn med gåver, var barnehagebarna med på julevandring i førjulstida.

Trusopplærar Else Iren Westervik og sokneprest Torbjørn Sæle var i adventstida på besøk i dei tre barnehagane i kommunen. Med kostymer for små og store var det ei levande vandring gjennom juleevangeliet. Adventslysa vart tende før keisar Augustus skulle telja alle saman i manntalet sitt. Barna som ville kunne verta utkledd, og dei fylte rollene så fint. Maria og Josef var på tur med eselet og måtte banka på dører i håp om å finna ein plass å vera, for babyen skulle jo snart bli født. Men i Betlehem var det fullt og dei måtte ta til takke med å vera ute i ei kald løe.

Ute var også gjetarane som passa på sauene og varma seg på bålet, før ein engel viste seg og sa dei ikkje skulle vera redde. Og fleire englar dukka opp og song av glede. Gjetarane måtte skunda seg av garde for eit barn var født i Betlehem. Og til barnet i krybba kom

også vismennene som følgde etter stjerna. Dei hadde kroner på hovudet og gav gåver til Jesusbarnet.

Etter å ha sunge «O jul med din glede» var det spennande å få sjå og lukta på gull, røykjelse og myrra, klappe Jesusbarnet i krybba og lamma. Nokre nytta også høvet til å prøva eit anna av dei flotte kostyma, som kyrkja også i år har fått låna frå Knarvik kyrkje.

Det vart gode og stemningsfulle stunder i det som for mange var ei travel førjulstid.

Tekst: Torbjørn Sæle

Foto: Nordbygda barnehage





TWEENSKLUBB FOR DEI "MIDT I MELLOM"

Me hadde eit treff før jul kalla Juleverkstad på Haugsvær og Frøyset. Dette gav meirsmak, så denne våren «kliner me til» med tre samlingar for dei mellom 5. – 8. klasse. Den første samlinga vert rett etter vinterferien, altså onsdag 05.03. på Haugsvær og fredag 07.03. på Frøyset. Denne samlinga har me kalla Spelkveld, der aktiviteten vert ulike spel i alle variantar.

Den neste samlinga vert fredag 04.04. på Frøyset og onsdag 09.04. på Haugsvær. Her blir tema Påskeverkstad. Sist, men ikkje minste samlinga vert 04.06. på Haugsvær og 06.06. på Frøyset. Denne samlinga har fått tittelen: Ut på tur, aldri sur, noko som passar godt å ha i friluftslivet sitt år.

Innhaldet på desse kveldane vert elles fylt med song, quiz og kveldstankar.

Me sjåast!

Helsing Else Iren Westervik



FEM KJAPPE OM BARNEKORET

Fem kjappe er fem enkle spørsmål til ei av foreldra i barnekoret, Tene Ostra, som også er ein av våre frivillige medarbeidarar. Her kjem ein stemningsrapport frå Tene Ostra og fleire barn og foreldre ho har snakka med i barnekoret:

1) Korleis er stemninga heime før dei to døtrene dine skal på koret?

«Dei» (og her medreknes fleire andre barn og foreldre), er oppgira før dei skal av garde. Dei likar å gå gjennom songane på førehand, og vil gjerne reise så snart dei kan. Gler seg til å treffe vener, koret, Else og Boris. Barna har stor tillit til kvarandre. Koret startar på kabelferja og dei spring alt dei maktar når bilane har køyrt og klarsignalet har blitt gitt av oss forelder.

2) Likar barna songane dei syng?

Dei likar alle songane dei syng, sjølv om dei fleste er nye, men uansett synes dei at Kyrie og Gloria er dei beste.

3) Er barnekoret meir enn eit kor?

Absolutt! Opptreden deira er alltid bra, dei er så sjarmerande der dei står. Dei har auka frå fire til 14-15 på det jamne. Me manglar nokre gutar no, og det er plass til fleire frå Sørsida og Indrefjorden.

Barnekoret inneheld mange faste rutinar, som fruktstund, frileik og kveldstankar frå Gulliver. Denne ramma gjer at dei kjenner seg veldig trygge og dei kan vera seg sjølve. At det blir avslutta med gode, reflekterande ord, skapar ro og tid for ettertanke både for barn og vaksne. Barnekoret er eit «riktig kjernekor», som jag vi seia på svenska. Øvinga er «jättebra» med songpedagogen. Godt at ein ikkje treng å vera den beste songaren for å delta, men at det er plass for alle.

4) Det er fleire vaksne som deltek på koret med dugnad av ulike oppgåver. Korleis oppleves det for dykk?

Felleskapet mellom oss foreldre blir meir ope og inkluderande. Vi møtes ellers på skulen, som er ei anna plattform. Det at barna også er utan foreldra heile tida synes dei også er bra.

5) Kan de anbefale koret til fleire?

Absolutt. Det å få oppleve dette er heilt ubeskriveleg. Folk har liten tid i dag, men det er viktig å berre finne tid til dette koret, seier Tene Ostra. Tusen takk for praten!

Else Iren Westervik, trusopplærarar og kordirigent
Foto frå ferja: Tene Ostra



VELKOMEN TIL SONGKVELD

Søndag 9.februar vert det songkveld i Solheim kyrkje kl. 18:00.

Det byrjar å bli innarbeida å ha songkveldar i Solheim kyrkje nokre gongar i året i staden for ei ordinær gudsteneste. Mange har likt desse kveldane, som er fylt med song og musikk. Denne gongen blir temaet «Lys i mørket» og det er mange flotte songar å velje blant i den raude salmeboka vår.

Som vanleg vil me prøva å ta med både godt kjente songar og nokre som kanskje for ein del er meir ukjente. På den måten kan me få lære fleire av songskattane våre. Og me får god hjelp til dette frå organist Boris Kuprijanov og forsongargruppa på Solheim. Else Iren Westervik syng ein solosong,

og Torbjørn Sæle leiar oss gjennom kvelden slik han pleier gjere så flott.

Etter songkvelden vert det ein enkel kyrkjekvelds, så me håpar alle stoppar att litt og har tid til ein prat. Spør gjerne ein nabo eller familiemedlem om dei vil bli med. Det er ekstra kjekt når me fyller kyrkja desse kveldane. Vel møtt om du vil syngje med, eller berre lytte.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjeverje

LYSMESSE

Søndag 26. januar hadde konfirmantane lysmesse i Sandnes kyrkje. Dei kom så flott inn i kyrkja med tente lys og kvite kappar. Og gjennom gudstenesta deltok dei med tekstlesing, bønner og lystenning. Me kan alle trenge litt lys i denne mørke tida, så det var fint for dei frammøtte å få dele denne kvelden i kyrkja med konfirmantane.

Tidlegare på ettermiddagen hadde konfirmantane ei samling med undervisning, mat og øving til lysmessa. I midten av februar skal dei reise til Alværa på leir saman med konfirmantane i Gulen og Solund. Vær gjerne med å be for konfirmantane våre denne våren.

Tekst og foto: Eli Eidsnes



MIN SALME - NÆRMARE DEG, MIN GUD

Av Alf Helland

Ikkje lett å peike ut ein favorittsalme, det er nett som å sitje over ei øskje med Kong Haakon etter middagen og plukke ut berre ein sjokolade. Har prøvd det før, og det har aldri fungert. Trur ikkje det er meint å fungere heller, så i slike samanhengar er det tryggare å gjere eit representativt utval og ikkje vere for snau.

Likevel, visse songar og visse salmar vert faste følgjesveinar. Nokre avdi dei har herlege melodiar. Andre fordi dei har gripande gode tekstar. Og somme har litt til.

Salmen «Nærare deg, min Gud» kjem i denne tredje kategorien. I mitt tilfelle har han ei historie med seg, ei som eg knapt kan gløyme:

Året er 1997. Det er sommar og eg skal på padletur. Ikkje ut i Herøyosen, men litt lengre, til Hebridane. Padlekompisen min, fingeravtrykksspesialist Paul Deacon frå Dundee og eg har planlagt dette sidan før jul førre året og har lege i hardtrening: Me har studert kart og tidevasstabellar, rekna på kursar og straumar, testa telt og soveposar, primusar og padlejakker, solkrem, åretypar og naudreparasjonar, alt er tima og tilrettelagt. Planen er å ta M/S «Jupiter» frå Bergen til Newcastle, tog nord til Dundee i Skottland, møte opp med Paul og vennene hans i padleklubben, få ein lift over til vestkysten i ein rusten Peugeot og ta ut langs kysten nordover. Turen skal ta to veker og føre oss frå Europas nest største malstraum, Corrywreckan, forbi øyane Iona, Staffa, Rhum, Eigg, Muck og like nord til fiskarbyen Mallaig. Det er siste veka i juni og det er meldt stille vêr. Likevel vert me liggjande vêrfaste i Calgary Bay i to dagar når ein vestavindskuling brått overraskar oss og gjer all framdrift umogeleg.

Tredje dagen løyar vinden. Me har studert tidevasstabellane og legg ein plan: Straumane går med over fem knop, vår fart er berre tre, og så snart me kjem ut av le frå øya Coll i vest, er det humøret til den



lunefulle Atlanteren som bestemmer takten. Eitt er sikkert: Me må forbi Storbritannias vestlegaste fastlandspunkt, Ardnamurchan, før me er trygge. Fyret står ut i havet som ein knyttneve mot den kvite skumspruten om klippene. Me gjer leksa vår: Solid frukost, grundig pakking og dobbelsjekk av dekksluker. Eit lite Fadervår og krossteiknet. Og så utpå.

I starten går det fint. Dønningane er såpass store at me held oss på litt avstand for ikkje å krasje inn i kvarandre, men det går fint å komme inn i takten til dei store havdønningane. Verre vert det når me kjem ut av le frå den flate øya i vest. At me kjem nærare fastlandet på austsida gjer det heller ikkje betre: Straumsjøen tek til ettersom det vert grunnare under kjølen og sender dønningane i retur mot oss, beint midtskips. Det grønne kavet byggjer seg opp frå båsider. No ser eg berre grønblått vatn på båsider, i toppen er himmelen. Og sola. Av og til, på toppen

av båra, ser eg Paul sin raude padlevest, elles er han borte. Men eg høyrer litt av songen hans gjennom drønnet til bølgiene:

«Or if, on joyful wing cleaving the sky,
sun, moon, and stars forgot, upward I fly,
still all my song shall be,
nearer, my God, to thee;
nearer, my God, to thee, nearer to thee!»

Så det er med salmesong me rundar Ardnamurchan Point, baa to, medan vestabrisen skubbar oss mot land. Eg minnest mest tredje verset:

«Ser eg ein engleveg
himmelen nå,
Herren på øvste steg
mildt på meg sjå.
Englar stig opp og ned,
ber kvar ei bøn eg bed,
nærare deg, min Gud,
nærare deg!»

Den kvelden, ved puben i Arisaig, var det ingen av oss som sa så mykje. Me var stygt solbrente på naser og øyre og håret tjukt i salt. Ullskjortene våre, som me ikkje hadde fått vaska på ei veke, gjorde at me fekk tildelt eit lite bord i hjørnet av ein miskunnsam krovert. Paul hadde ei sår høgreskulder og eg eit kutt over venstre augebryn etter ei ufrivillig eskimorulle, men me var i eitt stykke, baa to. Eg hugsar at me falda hendene, takka Vår Herre og las dette verset frå Bibelen: «Sjå, eg vil vera med deg og verna deg kvar du fer, og føra deg attende til dette landet. For eg skal ikkje gå frå deg, men gjera det eg har lova deg.» (1.Mosebok, 28,15). Så drakk me ut vår Guinness og gjekk i soveposen.

Salmen «Nærmere deg, min Gud» (Nyn.: «Nærare deg, min Gud») vart skriven av då 36 år gamle Sarah Fuller Flower Adams frå Essex i 1841, sju år før ho gjekk bort. Salmen tek utgangspunkt i draumen som Jakob hadde (1.Mosebok, kapittel 28, vers 10-16) om ein stige som førte rett inn i Himmelen. Denne salmen skal visstnok vere den siste salmen som vart songen om bord på RMS Titanic om morgonen den 15.april 1912. Melodien er frå Lowell Mason, 1856, også kjend som «Bethany»

I Norsk salmebok frå 2013 står han oppført som nr. 471 under temaet «Trengsle og trøyst», her er nynorskversjonen til Bernt Støylen.

1 Nærare deg, min Gud,
nærare deg,
endå om kross og naud
må lyfta meg!
Tyngjer meg sorg og trong,
syng eg den nye song:
Nærare deg, min Gud,
nærare deg!

2 Går på ei tungsam lei
mi pilgrimsferd,
vert stein på ville hei
mi hovudgjerd,
endå i draumen der
himlen eg open ser.
Nærare deg, min Gud,
nærare deg!

3 Ser eg ein engleveg
himmelen nå,
Herren på øvste steg
mildt på meg sjå.
Englar stig opp og ned,
ber kvar ei bøn eg bed,
nærare deg, min Gud,
nærare deg!

4 Vaknar eg lett og glad,
styrkt av Guds ord,
vigjer min kvilestad
til altarbord,
då stig med takk og pris
lovsong på englevis:
Nærare deg, min Gud,
nærare deg!

5 Kjem eg frå synd og sorg
heim til Guds stad
høgt over stjerneborg
æveleg glad,
lovsongen stiga skal
høgt i Guds himmelhall:
Nærare deg, min Gud,
nærare deg!

SOKNERÅDSPRATEN

Det er januar. Korkje snøstorm eller høljevatn. Nei, det er mildt og fint og regnar ikkje. Eit nytt år har starta godt - med lovnader om ein ny vår. Eg sler på tråden til **Siri Andvik** og spør om det passar med ein prat. I bakgrunnen høyrer eg lyse stemmer og lyden av barnevognhjul mot grus og asfalt. «Klart det!» Ho ler. «Passar perfekt, er nett ute og luftar ungane. Må nytte på no når det ikkje regnar. Like godt å dra med heile gjengen.»

«Supert. For dei av oss som ikkje kjenner deg så godt frå før, kan du gje oss nokre kjappe fakta?»

«Klart det! Eg heiter Siri Andvik, er 28 år gammal, mamma til to herlege jenter, Ronja og Hedda, forlova med Tor Arne og bur på Andvik. Er utdanna lærar og har arbeidd eit par år på Grasdal barne- og ungdomsskule før eg no starta på Nordbygda. Eg har arbeidd mykje i kulturskulen, i aspirantopplæringa, spelar trompet, klaver og litt fiolin. Ja, og før eg vart mamma dreiv eg mykje med paragliding.»

«Paragliding? Er du spinnvill? Det er no livsfarleg. Skjermen kan no klappe i hop...»

«Slapp av. Skulle det skje noko har me sjølvsagt nødsjerm. (Siri ler). Svaret er å leike seg mykje på førehand, både på bakken og i lufta. Då held ein orden på linene. Eg har teke av på kring 2000 meters høgde i Tyrkia, det var fantastisk.»

«Ojojoj. Var det den finaste turen?»

«Neeeee, (Siri dreg på det), eg trur det må vere flyturen med ei venninne frå Bavalden til Lønahorgi. Ikkje lengste trippen, men det var heilt magisk for det. Sigla faktisk opp på rundt 2000 meters høgde over Voss den dagen. Det er noko med det å sveve over tretoppene og berre vere heilt vektlaus, fly som fuglen. Kjenne vindsuset i øyra.»

«Det høyrer heilt overjordisk ut, bokstaveleg tala. Men du nemnde i stad at du også spelte fiolin. Herleg. Eit nydeleg instrument med lange kulturhistoriske røter. Rart at det ikkje er det heilt store felemiljøet i Masfjorden no for tida. Det har vore meir blås, tangentar og gitar som har vore i vinden



dei siste tiåra, eller?»

«Sant det, men mormor og morfar hadde ei fele på veggen då eg var lita jente. Eg hugsar det så godt. Fekk aldri det instrumentet ut av hovudet, og eg bar alltid på ein draum inne i meg. Draumen om ein gong å spele på det vakre instrumentet som hang på veggen. Og så, ein dag, fekk eg låne fela.»

«Og korleis gjekk det? Fortel.»

Jau, felespelinga tenkte eg ville vere eit kjekt lite miniprojekt å sysle med då eg var i fødselspermisjon. Var ikkje noko rasar på notar, men det er mange gode felespelarar som lærer etter gehør. Det er noko med desse tonane. Musikk gjer fantastiske ting med oss menneske.»

«Det er eg heilt samd i. Men korleis tok forloveden det? Tente han på idéen din om strykeinstrument?»

«Slik kan du saktens formulere det. Engasjementet resulterte i alle fall at han kjøpte elektrisk fele til meg. Og høyretelefonar. Trur det var E-strengen som

gjorde utslaget. Utruleg kva ein lett ustemt E-streng kombinert med litt varierende press på bogen i ei litt lita leilegheit i Totlandsdalen her på Andvik kan gjere ein måndagskveld etter ein lang dag på jobb. (Siri ler). Trur ikkje han har trega på den investeringa der.»

«Forstår. Men attende til kyrkja. Kva forhold har du til dette bygget?»

«Godt spørsmål. Litt stort spørsmål, men eg skal prøve: Kyrkja er for meg eit bygg der ALLE har plass, både truande og tvilande. Det er ein institusjon som grip inn i liva våre i gode og vonde stunder, om me vil eller ikkje. For meg er kyrkja fyrst og fremst ein stad der me kan få ein pause frå det hektiske dagleglivet, setje oss ned, klåre tankane våre og ta med oss dei orda presten gjerne vil dele med oss. Temmeleg unikt, det der. Stoppe opp. Dele gleder. Dele sorger. Vere takksame. Har mange gode minne frå kyrkja.»

«Men korleis hadde det seg at du kom inn i soknerådet, då, Siri? Du som er både høgt og lågt, bokstaveleg talt. Midt i ein travel kvardag med to smårollingar som held ein på alerten gjennom heile døgeret?»

«Vart overtala, veit du. Og då seier ein ikkje nei. Kjekt å kunne bidra. Vere med og gjere ein skilnad. Og så lengje eg kan ta med meg Hedda i korga på soknerådsmøta går det som smurt. Ho søv som ein stein. Det fungerer heilt supert.»

«Det var det eg tenkte meg. Vel, soknerådet har alltid hatt fokus på dei nære banda mellom lokalsamfunnet og kyrkja. Etter di meining, kva bør kyrkja i Masfjorden satse på i tida framover?»

«Godt spørsmål. Der trur eg har funne eit svar: Barn og unge.»

«Kvifor det, Siri?»

«Jau, barn og unge er morgondagens vaksne. Me har lett for å gløyme det. Og det er så viktig at nettopp dei unge får med seg gode opplevingar frå kyrkja.

Den ballasten som kyrkja kan gi dei vidare er heilt uvurderleg. Eg tenkjer ikkje berre på formidlinga av evangeliet, men også på det sosiale fellesskapet, det å høyre til i bygda, vere ein del av bygda. Det er

viktige felles verdiar som me elles lett kan misse i ein travel, digital kvardag. Eg har så mange gode minne frå sundagsskulen. Skulle ynskje me kunne ha eit tilbod i dag, slik at generasjonane av i dag kunne ta med seg liknande erfaringar inn i sine liv.»

«Godt sagt, Siri. Du sa i stad at kyrkja er for deg ein stad prega av minne. Har du nokre spesielle minne frå kyrkja som du har lyst å dra fram?»

«Godt du spurde om det. Ja, kanskje. Nyttårskonsertane i Sandnes kyrkje. Dei står i eit bestemt lys for meg. Det var eit slags musikalsk høgdepunkt i året med utruleg flinke grupper og solistar, ei unik breidd i repertoaret, stor oppslutnad frå bygdefolket og eit veldig samlande tiltak. Det var så kjekt å vere der.»

«Heilt på tampen, har du eit salmetips på dagen før du spanner smårollingane ut av vogna og finn fram pampersbagen?»

«Så klart. «Jeg er i Herrens Hender», nummer 494 i Norsk Salmebok. Tekst av Erling Tobiassen og ein aldeles nydeleg melodi av Sigurd Lunde frå 1947. Hugsar me song andrestemme på han då eg gjekk på musikkgymnaset på Kongshaug. Den er så vakker! Og så sterk!»

«Noko å spele på fela. Med vibrato.»

«Nemleg! Men før me kjem til vibratoen her må me byte pakning på trolla mine. Og setje over potetene før Tor Arne kjem heim. Rart med det, små jenter og store gitar, dei treng alle mat i magen. Elles vert det lett skriking. Og det kan lett gå utover felespeling.»

«Og det vil vi ikkje, eller?»

«Så klart ikkje! Det er berre musikk som er musikk!»

Tekst: Alf Helland

Foto: Privat

TÅRNAGENTHELG

Bli med på å utforska klokketårn, symbol, skattar og bibelforteljingar i kyrkja!

Tårnagentane i Masfjorden er på plass att 15. og 16. mars. Denne gong i Solheim kyrkje.

Alle «agentar» som er eller vert 7, 8 eller 9 år i 2025 er velkomen på skattejakt i kyrkja der ulike oppgåver og mysterium skal løysast. Dette blir både spanande og kjekt.

**Samlingane for tårnagentane er
lørdag 15. mars kl. 12.15-16.00 og
søndag 16. mars kl. 10.00-12.30.**

Søndag kl. 11 er det Supersøndag med familiegudsteneste der tårnagentane deltek og kyrkja sitt barnekor syng.

Følg med på heimesida: masfjorden.kyrkja.no eller facebookside vår: Kyrkja i Masfjorden.

Meir informasjon og elektronisk påmelding vert tilgjengeleg i midten av februar.



Dei som har vore med på dette tidligare, men er for store til å vera med i år, kan bli med som hjelpeleiarar. Vi treng også bidrag frå foreldre/andre vaksne. Ta gjerne kontakt med underteikna.

Else Iren Westervik, trusopplærar
Foto Solheim kyrkje: Eli Eidsnes



Masfjorden kulturskule inviterer til

«Vev Vinter mot Vår»



Kurshaldar: Vigdis Valde

Kursstad: Nordbygda skule

Kursdagar: 08.03, 22.03, 29.3 og 05.04. klokka 1015-1500

Bli med å lær deg grunnleggande kunnskap i vev; ein gamal og tradisjonsrik tekstil teknikk du kan bruke på mange vis og til mykje.

Vi skal veve enkle bruksgjenstandar med både papir og trådar med enkle reiskapar du kan laga sjølv.

Målet med kurset er å gje ein innføring i korleis trådar i varp og veft (renning og innslag) spelar saman og er utgangspunktet for eit vell av teksturar og design. Det blir òg gitt innføring i korleis vi ordnar renningstrådar og arbeider med teknikk for å få gode resultat.

Kurset vil passe for deg som er interessert i tekstil og vev, og som er 10 år eller eldre. Det er ikkje ei øvre aldersgrense, men det krev ein viss motorikk i fingrane for å vere med, så difor er det ei nedre aldersgrense.

Arbeidsgleda i veven er felles om du er barn, ungdom eller vaksen, og utfordringane i oppgåvene ligg i kva du klarar å gjere ut av dei.

Påmelding innan 21.februar til kulturskulen@masfjorden.kommune.no eller 97061230

Kursavgift kr 800/ kr 400 barn i grunnskulealder.



FLOTT START PÅ FRILUFTSLIVETS ÅR 2025

Friluftslivets år vart offisielt opna 18.januar med «Heile Noreg bål». Rundt om i landet var det over 700 arrangement med båltenning.

I Masfjorden vart opninga markert med tur til dags-turhytta. Her var det ordførar Erlend Kvamsdal som stod for den offisielle opninga. I opningshelsinga vektla han helsegevinsten ved å vera fysisk aktiv og å vera ute i naturen.- I Masfjorden har me alt rett utanfor stovedøra, sa han.

Alle dei frammøtte kosa seg med bål og grilling, pinnebrød, kakao, konkurransar og leik. Ungdomen hengde opp hengekøyer eller benka seg inne i hytta

til kortspel eller lesing. Dei yngste deltok på Turbo-re-busen og hadde det kjekt med gøymespel i skogen oppom hytta. For dei vaksne var dette eit fint høve til ein prat med naboen eller nokon dei elles ikkje ser så ofte. Her var det turdeltakarar frå heile kommunen. Utover i året blir det lagt opp til fleire friluftsansarrangement. Følg med på annonsering og bli med! <https://friluftslivetsar.no/aktivitetskalender>

Her ser du nokre glimt frå opningsfesten.

Tekst: Masfjorden kommune

Foto: Merete Tvedt Låstad, Strilen





AKTIV START PÅ ÅRET FOR 4H

Fjordglimt 4H har starta opp året 2025 med «båling»-møte, for å markera friluftslivets år. Det å samla seg rundt bålet skapar samhold og glede og dette gjorde me på oppstartsmøte som var ved skiløypa på Haukeland. Medlemmene fekk også nytta skispora før regnet kom tilbake.

1.-2. februar var det pangstart på Brekke, der store delar av medlemmene våre var med på ulike aktivitetar og dei eldste var endeleg store nok til å vera med på Paintball på søndagen.

Pangstart er ein av aktivitetane klubben er fast med på kvart år. Det neste som står på programmet er bingomøte, etterfulgt at overnattingstur til Molvik 4H-gard.



Me er nøgd med å ha ein aktiv klubb med kjekke medlemmer, og det er alltid plass til fleire!

Tekst Helga Nyhavn Matre, leiar i Fjordglimt 4H
Foto: Sigrun Haugsdal Reknes

UNGDOMSKLUBB FOR 7. - 10. KLASSE

Masfjorden fotballag ønskjer å invitere alle ungdommane frå 7. - 10. klasse frå Masfjorden og Gulen.

Det vart moglegheit for biljard, bordtennis, brettspel, konsollspel og fotballspeling dersom været er bra. Det vil alltid vere nokre vaksne til stades i form av foreldre og personar tilknytt styret for kvar gong.

Dette er eit tilbod til alle, og dei som ikkje spelar fotball

Stad: **Klubbhuset på Hosteland**

Tid: 18.30-20.15

Det blir klubb desse datoane:

20. februar, 4. mars, 20. mars



ONSDAGSTURAR I MASFJORDEN 2025

Fjelltrimgruppene i Fjon UIL, Risnes idrettslag og Bjørn West IL i Masfjorden driv onsdagsturar. Turane finn du på <https://www.dnt.no/nordhordland>. Alle turane starter kl. 18.00.

Ta kontakt med kontaktpersonane om du har spørsmål.



	Dato:	Turmål:	Oppmøte/parkering	Kontaktperson
1.	19. mars	Melshovden	Sørkvingevatnet	Fjon UIL Terje Rasdal 915 78 002
2.	26.mars	Steinefjellet	Grense på Steine	RIL Marta Midtbø 959 38 627
3.	2. april	Grimhaugane	Joker Haugsvær	BW Bjørn Åge Vågseth 468 18 793
4.	9. april	Rusteggja	Mjanger	Fjon UIL Terje Rasdal 915 78 002
Påske 17. - 21. april 2024				
5.	23. april	Duesundfjellet	Nesjane	RIL Marta Midtbø 959 38 627
6.	30. april	Trodalsnova	Trodalsleitet	BW Bjørn Åge Vågseth 468 18 793
7.	7. mai	Larsvarden	Einestrand	FjonUIL Terje Rasdal 915 78 002
8.	14. mai	Bufjellet	Leite mellom Frøysetøyra og Nordvang	RIL Marta Midtbø 959 38 627
9.	21. mai	Matrenipa	Ved Trodalstunnelen	BW Asle Sletten 908 37 088
10.	28. mai	Andviksetra	Turparkering Meisdalen	Fjon UIL Siri Andvik 947 99 916
11.	4. juni	Austefjellet	Molland	RIL Marta Midtbø 959 38 627
12.	11.juni	Storematre-stølen	Matresdalen	BW Turid Haugsvær 908 55 299
13.	18. juni	Håvarden	Elvik	Fjon UIL Siri Andvik 947 99 916
14.	25. juni	Sleirsfjellet	Skulemuseet på Sleire	RIL Marta Midtbø 959 38 627
Sommarferie				
15.	13. aug.	Gleinefjell	Gagnløysa	BW Åse Marit Kalhovd 941 91 307
16.	20. aug.	Lykjelen	Leite/Andvik	Fjon UIL Siri Andvik 947 99 916
17.	27. aug.	Hatten	Nordbygda skule	RIL Marta Midtbø 959 38 627
18.	3. sept.	Stordalsvarden	Langevatnet Stordalen	BW Asle Sletten 908 37 088
19.	10. sept.	Sandneskletten	Sandneslia	FjonUIL Terje Rasdal 915 78 002
20.	17. sept.	Heinakken	Molland	RIL Marta Midtbø Tlf. 959 38 627
21.	24. sept.	Kalhovdastølen	Kalhovda	BW Åse Marit Kalhovd 941 91 307

GITARVIRTUOSEN FRÅ MJANGER

Då eg vaks opp på Mjanger hadde eg ein nabo som var litt eldre enn meg og som allereie då var ein racer på å spela gitar. Henning heiter han og eg fekk lyst til å ta ein prat med han og høyra kva han driv på med no for tida.

Henning Hodne Mjanger er no blitt 38 år. Han bur i Førde og er sambuar med Guro. - Eg jobbar som frilans musikal og underviser i tillegg på musikklinja på Firda vidaregåande og på Sandane. Der har storheiter som Eva Weel Skram og Tone Damli gått. Jobben min som lærar er å undervisa i gitar. I tillegg har eg bandundervisning.

- Eg trivst med å undervisa. Det er så gøy å sjå utviklinga hjå elevane mine. Dei er så ivrige og dei øver så mykje!

-Når eg er frilansar er eg for det meste i Bergen. Det er ei fin kombinasjon å undervisa og vera musikal.

Men oppveksten var på Mjanger. Korleis var den?

- Det var fint å veksa opp der. Eg trivs veldig godt med fjell og sjø, og ha tilgang til det. Eg gjekk mykje på fjellet, var glad i å vera ute med båt og å fiske. Mjanger er ikkje akkurat ein stor plass, så eg måtte sjølv finna på ting å gjera. Dette utfordra kreativiteten. Og så likte eg å spela fotball saman med naboane. Me samlast ofte på ei lita flate som me kalla for Mjanger stadion.

Korleis starta gitar-karriera?

Musikk-karrieren min begynte på piano i kulturskulen. Eg slutta ganske fort med det og melde meg på gitar. I starten var me fleire ilag i ei gruppe. På den tida spelte eg også kornett i skulemusikken og ein gong hadde me konsert saman med gitaristen Mike Gallagher. Eg fekk pappa til å filma for eg synest det var så stilig med ein så god musikal. Eg spelte av videoen og prøvde å plukka soloane han spelte ved å bruka gehøret og synest eg fekk det bra til etter kvart. -I starten hadde eg vanleg nylonstrengsgitar. Etterkvart vart det el-gitar. Terje Rasdal var læraren min. Eg spelte mykje etter låtar på YouTube. Og så fekk eg meg eige øvingsrom. Det var timevis med



øving og hardt arbeid. - Om ein vil utvikla seg må ein øva mykje. Det gjorde eg.

Kven arbeider du med som freelancer?

-I det siste har eg spelt mellom anna med Emma Steinbakken, Ole Børud og Martin Halla. Har og jobba mykje med Anne Hvidsten. Elles har eg hatt oppdrag på teater Vestland i Førde og på Kinnaspelet, og i fleire år i samband med lysfesten i Bergen. Har og vore vikar i Voksne Herrers Orkester.

-Det er kjekt å gjera mykje ulikt. Som freelancar får ein stor variasjon, og det likar eg. Det er fint å treffa nye folk. Ein lærer så mykje alt etter kven ein spelar med. Lagar også musikk saman med medstudentar på Griegakademiet, der eg tek master no.

Kva musikkstil likar du best?

-Eg likar både å gjera popting der ein har faste rammer, men også improvisert musikk der me jammar mykje.

Du har gjort fleire innspelningar med Anne Hvidsten. Korleis fann de kvarandre?

Me møttest gjennom countryfestivalen på Breim, då eg spelte med bandet Sons of Vanity. Seinare vart eg med på innspelninga av albumet Illusions. Først hadde

ein bassist og ein trommis spelt inn grunnkomp, så spelte eg inn gitar. Me prøvde å tilnærma oss sounden til Kasey Musgraves. Så fekk me hiten Twice as happy, det var veldig kjekt. Denne låten vart faktisk A-lista på NRK P1, og vart ein hit.

For nokre år sidan opplevde eg Mjanger musikklag på Sandneskaféen. Har de nokre planar vidare?

Det var ein veldig gøy konsert med eit band der alle hadde Mjanger i etternamnet. Det hadde vore kjekt å gjera ein slik konsert igjen, men alle er travle og spreidd for alle vindar!

Kva var det som gjorde at du har enda opp som student igjen?

Eg hadde ikkje tenkt å studera meir, men var på juleturné saman med Martin Halla og Edvard Mjanger som eg spelar i band med. Dei skulle søka master på jazz-linja på Grieg-akademiet, så søkte eg og, og alle kom inn. Me spelar mykje ilag og utviklar oss som musikarar. På Grieg-akademiet får me rettleiing av nokre av dei beste jazzmusikarane i landet, slik som Thomas Dahl, kanskje Norges beste gitarist. Veldig nyttig å ha ein mentor og slik får me mykje læring. Det er kjekt å vera i konstant utvikling for å bli betre.

Eg har høyrd at du har spelt med sjølvaste Eva Weel Skram? Fortel!

Ja, det har eg faktisk. Ein julekonsert der me var husband i BKK sin julekonsert i Johanneskirken, spelte eg med Eva Weel Skram og gitaristen. Me framførte mellom anna Når himlen faller ned av Anne Grethe Preus. Dette var same år som ho døydde, så det var veldig spesielt- og flott.

Kor mange gitarar har du?

Eg tel ikkje... ikkje så opptatt av det. Grovt overslag... kanskje 15-20 ? Det er viktig å ha rette gitarar til ulikt bruk. Eg synest det er gøy å testa mange ulike gitarar. Har også litt andre strengeinstrument som pedal-steel, banjo, dobro, og også ein trompet faktisk!

Kva gjer du når du ikkje spelar gitar?

Eg er glad i naturen. Topptur på ski på fjellet diggar eg. Elles er eg glad i å fiska, og særleg flogefiske. I haust fekk eg ein stor sjø-ørret på Andvik, trur den var 1,1 kg. Det var veldig gøy!

Så er eg fotballinteressert, og følgjer spesielt godt med på Premier League og Manchester United.

Kva musikk likar du å høyra på?

Eg høyrer på mykje forskjellig... Må tenke litt.. No for tida høyrer eg mykje på ein gitarist som heiter Kurt Rosenwinkel. Av norske artistar lyttar eg mykje til Darling West.

Dette var eit kjekt intervju å gjera! Henning var så enkel å prata med og hadde så mykje å fortelja. Dette må vera det enklaste intervjuobjektet eg har hatt til no. Eg gler meg til å følgja denne flotte gitaristen vidare, og ser fram til mange fine konsertar der Henning boltrar seg som gitarist.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

DET SKJER TING PÅ HAUGSVÆR



Det ligg an til positive ting som skal skje på Haugsvær dette året.

Haugsvær Panorama AS skal oppføre første 4-mannsbustaden på tomten like ved butikken. Kommunen har i budsjettet sett av midlar til kjøp av 2 leilegheiter i dette bygget, som omsorgsbustader. Så vert det 2 flotte leilegheiter ledig for kjøp i andre etasjen, med areal 85 m² og 3 soverom.

Det er planlagt felles garasjebygg på tomta, der nokre av garasjane vil vere store nok for bubil/campingvogn.

Samtidig skal Haugsværtunet AS bygge på eit areal på 70 m², for å etablere eit dagsenter for eldre og også unge. Dette dagsenteret vil få eit samla areal på 127 m².

Dette er eit samarbeid mellom Haugsværtunet AS og Masfjorden kommune, og kommunen har sett av mid-

lar også til dette prosjektet i budsjettet. Både dagenteret og omsorgsbustadane er prosjekt som kommunen oppnår tilskot frå Husbanken for å etablere.

Dagsenteret vil bli utstyrt med kafé-kjøkken. Det blir såleis mogeleg å lage middag her, og lokala kan nyttast som selskapslokale for om lag 30 personar. Kanskje også sommarkafé og kafé i enkelte helger?

Haugsvær Helselag vil stå sentralt i drifta av dagsenteret, men kommunen vil og stå for aktivitetar i lokala. Dei unge i bygda vil engasjere seg i tiltak for barn og ungdom, på kveldstid og i helgane.

Helselaget har i dag aktivitetar i Bua, eit lite lokal på 39 m². Det er ope kvar lørdag, og kafé annankvar onsdag. Bua er ein mykje besøkt møteplass for heile Indrefjorden, her treff ein naboar, gamle kollegaer og andre.

På grunn av plassmangel er menyen i dag nysteikte vaflar og kaffi.

I eit større lokal og betre kjøkken vil både menyen og aktivitetane kunna utvidast vesentleg.

Helselaget ser for seg mellom anna desse aktivitetane i det nye dagsenteret:

- Trim / mosjon etter rettleiing frå fysioterapeuten, sykling på Motitec-sykkel
- Middag enkelte dagar
- Utvide til kafé kvar onsdag
- Spel/Quiz og andre konkurransar

Vidare ser Helselaget for seg samarbeid med skulen. ”Innsats for andre” er valfag i skulen, og helselaget vil invitere elevane til å praktisere aktivitetar for eldre. Dei vil då møte eldre som likar å delta i dans, bingo, trim og turgåing. Med dette få ei positiv oppleving med å vere til nytte for andre, og som kan føre til rekruttering av ungdom til omsorgsyrke.

For eldre er det alltid populært med minikonsertar frå elevar i kulturskulen. Med større lokale vil dette bli mogeleg.



Helselaget har i mange år vore primus motor i bygda. Dei har tilrettelagt Eventyrskogen med figurar frå kjente eventyr, bygd gapahuk med bålpanne, Frisbee-golf løype, innkjøp av kanoar, og støtta andre tiltak i Indrefjorden.

Begge prosjekta ligg sentralt til, med butikken som næraste nabo. Busstopp like ved. Og ikkje minst, den flotte skogsturvegen med Eventyrskogen og gapahuk. Universell utforma veg langs heile sørsida av Haugsværvatnet med Frisbee-golf løype, og gapahuk også her.

Tekst: Bjørnar Vik

NYTT FRÅ LEGEKONTORET

Det har vore ein del endringar ved kontoret i starten av året. Rolf Sleire er attende frå permisjon, og vår nye fastlege Hege Gjessing har no vore i jobb i 3 veker.

Marita Bru har dessverre sagt opp si stilling som kommuneoverlege og fastlege, og har sin siste arbeidsdag 20.03.25.

Hege Gjessing tek over kommuneoverlege når Marita sluttar. Me kjem til å lyse ut ledig fastlegestilling, og planlegg for vikar ved kontoret ei tid framover. Me har fått avtale med Johannes Haddad som kjem attende som vikar frå 1.april. Nokon av dykk kjenner han frå i fjor haust, då var han også vikar hjå oss. Johannes skal vere her til over sommaren.

Tekst og foto: Sigrun Haugsdal Reknes



GRATULERER TIL BERIT LYGRE SOM VINNAR AV KULTURPRISEN 2024



-Eg vart faktisk veldig overraska, særleg fordi det i alle år har vore meg som har skrive under på denne prisen. Det gjorde eg i år også, men eg forstod etter kvart at det var meg det var snakk om, seier Berit Lygre dagen derpå.

Dette var utruleg kjekt, og veldig stas at ordføraren kom med kjede og alt for mi skuld, seier kulturprisvinnar Berit Lygre, som var rørt til tårer på utdelinga som føregjekk på julemessa på Sandes skule søndag 1.desember.

I grunngevinga er det ramsa opp svært mykje som Berit har bidrege med. Ho fortel at ho sjølv ikkje har tenkt over at alt dette har vore kultur.

- Det er først og fremst åra på Sandneskaféen som eg tenker på meg sjølv som aktiv i kulturlivet. Der hadde eg skaparkroken, der ulike aktørar fekk vist seg fram. Det var ein veldig kjekk del av jobben, å få spele

på kunst og ha fokus på det estetiske, seier Berit og fortel at ho var oppteken av å bruke lokale råvarer og spele lokale aktørar gode.

- Det var ei god tid, med konsertar og utstillingar og godt samarbeid med kulturkontoret med arrangement som til dømes Sommarscena.

Kulturell skulekvardag

- Norsk og Kunst og Handverk har vore mine hovudfag, og eg har alltid hatt hjarte for litteratur og kunst i skulesamanheng. Det har vore viktig for meg som lærar, men og som rektor å støtta opp om skuleoppsettingar der elevane får utfalde seg. Det er ein viktig del av skulekvardagen, meiner Berit.

No er det mange år sidan Berit arbeidde i Masfjord-skulane, og det er og ei tid sidan ho gav seg på kaféen. Men aktiv i kulturlivet er ho framleis.

Vegen vidare

- Seniortreffa er viktig for meg no. Eg dreg kulturen inn der, med song og musikk samt føredrag. Det ønskes eg å fortsette med. I tillegg er eg så heldig å vera ein del Nordhordland kunstlag, noko som er veldig kjekt, fortel Berit.

I kunstlaget er ho med å lage i stand utstillingar og er slik aktiv i kunstlivet i heile Nordhordland.

- I tillegg har eg no meir tid til eigen kunst. Eg driv med teikning, maling og tekstilbilete og får no syne fram ein del i samband med kunstlaget. Så eg set meg ikkje ned heilt enno, avsluttar Berit.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Foto: Mary Hope

MBA PÅ HANDBALLKAMP

På laurdag var det ein stor dag for Masfjorden Bu- og Aktivitetssenter!

Tre tjenestemottakarar deltok i sin aller første håndballkamp saman med andre barn og vaksne med spesielle behov frå Knarvik. Dei spilte mot Sotra, og opplevinga var heilt magisk.

Sunniva scora heile fire mål, og Susanne sette inn eitt mål. Gleda i augene deira var noko heilt spesielt – vanskeleg å beskriva med ord. Det var ein atmosfære fylt av varme, inkludering og samhald. Alle viste ei utruleg omsorg for kvarandre og jobba hardt...

Tekst og foto: Ernestas Janciauskas



KOMMUNALE TILSKOT PÅ KULTUROMRÅDET

Søknadsfristar for å søkja om tilskot på kulturområdet samt framlegg til kulturpriskandidat for 2025 er 15. april. Søknadsskjema: <https://masfjorden.aim.prokom.no/artikkel/skjema>

Kulturmidlar er driftstilskot tildelt lag og organisasjonar.

Alle søkerar må senda inn årsmelding og rekneskap som vedlegg til søknaden. Når du søker hakar du av for ålment kulturarbeid og A på side 3 i skjemaet.

Særskilde kulturtiltak

Ein del av summen som er sett av til kulturmidlar er øyremerkt særskilde kulturtiltak i regi av laga. Arrangør av slike kulturtiltak kan gjennom året søkja tilskot frå desse midlane. Gje ein kort presentasjon av tiltaket inkludert budsjett. Ein nyttar same elektroniske skjema som til kulturmidlar, men hakar av for Anna og at søknaden gjeld C: Tilskot til særskilde arrangement på s.3.

Kulturtiltaksmidlar

Dette er midlar som skal stimulera lokalt næringsliv og andre aktørar til å stå som kulturarrangør, slik at ein i kommunen kan tilby varierte og gode kulturopplevingar. Det er sett av kr 100 000 over Kraftfondbudsjettet til slike tiltak for 2025. Ein nyttar same digitale skjema som til kulturmidlar, men hakar av for Anna og C: Tilskot til særskilde arrangement på s.3.

Kulturvernmidlar

Kommunen gjev tilskot til restaurering/istandsetjing av eldre bygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne som ligg innanfor Masfjorden kommune sine grenser. Eigarar av slike kulturminne kan søkja tilskot frå desse midlane. Det er sett av kr 100 000 til slike tiltak for 2025.

Ein nyttar same digitale skjema som til kulturmidlar, men hakar av for Anna på s.3.

Kandidat til kulturprisen

Har du framlegg til nokon som du meiner fortener kulturprisen? Målet med prisen er å gje ei utmerking til eit lag, ein organisasjon eller ein privatperson som har gjort ein stor innsats innan kunst- og kulturlivet i kommunen. Prisen skal stimulera til auka engasjement for frivillig arbeid.

Rettleiing til søknad

Dessverre er søknadsskjemaet eit fellesskjema for heile regionen, og Masfjorden kommune får ikkje tilpassa skjema til sitt behov.

Ver difor merksam på:

Når du søker kulturmidlar: På Tiltaket side 3 kryssar du av ålment kulturarbeid og på A

Når du søker særskilde kulturtiltak: På Tiltaket side 3 kryssar du på Anna og C

Når du søker kulturtiltaksmidlar: På Tiltaket side 3 kryssar du av på Anna og C

Når du søker kulturvernmidlar: På Tiltaket side 3 kryssar du av for Anna

Når du søker kulturmidlar: På Vedlegg side 7 er det nok at du sender godkjend rekneskap og årsmelding.

For dei andre kategoriane: På Vedlegg side 7 er det nok at du sender inn budsjett for tiltaket.

Framlegg til kulturpriskandidat sender du direkte til:

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 Masfjordnes

ORDFØRARSAMLING



Tidlegare ordførarar fv: Karstein Totland, Albert Kjetland, Erlend Kvamsdal, Jon Hope, Helge Haukeland, Erik Riisnes, Håkon Matre.

Like før jul inviterte ordførar Erlend Kvamsdal tidlegare ordførarar til samling der han fortalte om dagens fokus, i jobben som dei alle har hatt til felles.

Det er ikkje så mange som veit korleis det er å vere ordføraren. Kanskje det var hovudgrunnen til at praten gjekk så lett då vår noverande ordførar inviterte tidlegare ordførarar til treff.

Heile seks tidlegare ordførarar møtte opp og fekk ei grundig gjennomgang av Erlend Kvamsdal, der han gjekk gjennom dei største prosjekta som no vert jobba med politisk.

Det var og høve til tilbakemeldingar og innspel - kanskje på gamle kampsaker som framleis ikkje har vorte fulgt opp enno.

Etter gjennomgangen fulgte eit herleg måltid på Fjorden Kafé.

Tekst og foto: Sigrun Haugsdal Reknes

DANS PÅ TIMEPLANEN

Like før jul hadde hiphop- danseinstruktør Ole Petter Knarvik dansekurs med alle elevane i grunnskulen og dei eldste i barnehagane fire dagar til ende.

Det er helselaga i Indrefjorden og Nordbygda som har gjort dette mogleg, og skular og barnehagar er så takksame for deira generøse initiativ.

Rektor på Matre skule, Tone Hatlem, er begeistra etter dansedagen: - Elevane har fått lære nye dansetrinn, bevega seg til musikk, og ikkje minst hatt det veldig moro saman. For ein fantastisk måte å kombinera fysisk aktivitet, sosialt samvær og glede på, seier ho.

På Matre hadde helselaga stelt i stand lunsj for alle, både store og små. Med bugnande fat og ein lun og inkluderande atmosfære vart det ein flott dag.

-Vi er verkeleg heldige som har eit så engasjert og omsorgsfullt helselag som set læring, trivsel og helse i høgsetet. Tusen takk for ein fantastisk dag!

I barnehagen på Sandnes var dei eldste ungane i ekstase. «Eg har lært å stå på ei hand», «Eg har lært mitt triks», «Eg skal visa foreldra mine mitt triks», «Det var kjempegøy», «Håpar han kjem tilbake» var nokre av kommentarane me fekk etter at danseøkta var ferdig.

Dei vaksne supplerte: «Ole Petter var så engasjert og fekk barna med seg på det på han hadde å visa. Det var enkle nok triks som barna klare å følgje, noko som gjorde barna meir engasjert i dansen. Han var morsom, tøysa med barna og dei lo mykje.»

I mars kjem Ole Petter tilbake, klar for ein ny runde med dans rundt på skulane og barnehagane. Det er nok mange unge dansarar som gleder seg til dette!

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Tone Hatlem/ Frank Kvinge



LEIARKURS FOR UNGDOM

**Masfjorden Idrettsråd, Gulen Idrettsråd
og Vestland Idrettskrets ønsker
å arrangere eit leiarkurs for ungdom
frå Masfjorden og Gulen
helga 15.-16. mars
med ei digital oppstartssamling
mandag 10. mars kl. 19.00-22.00.**

Forutan å lære meir om seg sjølv,
kommunikasjon og presentasjonsteknikk vil
det bli eit prosjektarbeid etter kurshelga.

Idrettsrådet har eit godt forslag til prosjekt,
då kommunen nett har starta opp med ny
kommunedelplan for idrett og friluftsliv,
- ein plan som viser kva tilbud og tilrettelegging
som kommunen bør legge opp til dei komande
fire åra.

Eit anna prosjekt som og er starta opp no er
arbeid med ein fleirbrukshall i Masfjorden.
Det same jobber Idrettsrådet i Gulen med.

Me håper du som ungdom ynskjer å vere med på
arbeidet med å tilretteleggje idrettstilbuda i
heimkommunen din.

Påmelding innan 2.mars

på vedlagte lenke

**[https://www.idrettsforbundet.no/idrettskrets/](https://www.idrettsforbundet.no/idrettskrets/vestland/kalender/leiarkurs-for-ungdom---mas-fjorden-og-gulen/)
[vestland/kalender/leiarkurs-for-ungdom---mas-](https://www.idrettsforbundet.no/idrettskrets/vestland/kalender/leiarkurs-for-ungdom---mas-fjorden-og-gulen/)
[fjorden-og-gulen/](https://www.idrettsforbundet.no/idrettskrets/vestland/kalender/leiarkurs-for-ungdom---mas-fjorden-og-gulen/)**

eller skann QR-kode under.



Er du ikkje fylt 15 ennå, men fyller det i 2025 så
kan du berre melde deg på.

Har du spørsmål, kan du berre ta kontakt med
leiarane i Idrettsråda:

Masfjorden: John Torsvik, mob. 90089470

Gulen: Monica Rongved, mob. 99231514



FLOTT LEVERT PÅ UKM

Meir enn 100 ungdommar frå Nordhordland deltok på den regionale UKM- mønstringa som gjekk av stabelen i storstova på Leiknes denne helga. Masfjorden var godt representert og dei dyktige ungdommane leverte varene både på scena og i kunstutstillinga.

UKM står for Ung Kultur Møtes og er som namnet seier ein arena for ungdom til å dela kunst og kultur. Det vert arrangert lokal/regionalmønstringar i januar-mars, fylkesmønstring i april og landsmønstring i juni.



På fredag kveld var det lagt opp til lydprøvar og øvingar med husband og akkompagnatørar for dei som ville nytta seg av dei. Ein slik gjennomgang gjer at dei unge utøvarane kan kjenna seg trygge når dei står på scena dagen etter.

Utover laurdag ettermiddag og kveld kunne ein i ein fullsett sal oppleva tre forestillingar. Frå Masfjorden var det denne gongen påmeldt elleve innslag. Vokalisten Sofie Ekren stilte i tøft cowboy-antrekk og hadde ei strålende framføring av ein av Rotlaus sine mest populære singlar; Rundt neste sving. I framføringa hadde ho med seg det profesjonelle husbandet, og trur du ikkje at pianisten i husbandet, Lars Hammersland også spelar i Rotlaus! For eit samantreff!

Embla Dyrkollbotn-Brown og Sanna Kvinge fekk også drahjelp av husbandet i sine framføringar. Sanna slo til med ei eineståande vakker, trygg og moden tolking av Shania Twain sin You're still the one. Embla framførte ein heilt nylaga song. Komponisten sat i salen, og utifrå ansiktsuttrykket og applausen hennar var det ikkje tvil om at ho var svært nøgd med Embla og bandet si framføring. Embla framførte også ein sjølvлага song med eige gitarakkompagnement. Tiril Sleire-Gjerde var frampå to gongar, først med ein sjølvлага song. Det andre innslaget, Do what you got to do, framførte ho saman med venninna Silje Erstad.

I tillegg til song imponerte dei her med dans og artig dramatisering undervegs.

Eit av dei mest hardtslåande innslaga i UKM sto trommisen Lars Manfred Nordland Kvinge Tvedt for. Publikum lot seg riva med av den svært kraftfulle, rytmiske og virtuose framføringa av Radio/Video saman med gitaristane i husbandet.

Lars Manfred er også trommis i Tigers. Dette bandet består av seks ungdommar frå Sandnes. Dei deltok på UKM også i fjor, både lokalt og på Fylkesmønstringa, og det var flott å oppleva den rivande utviklinga bandet har hatt sidan den gong. Her var det skikkeleg trøkk, innleving og sceneshow i tillegg til bunnsolid musisering på Guns N' Roses sin Sweet child of mine.

Embla Dyrkollbotn-Brown, Adelia Kvinge Hjelmteit og Ilaria Sirman deltok også i kunstutstillinga. Embla hadde leikt seg med fargar på lerret, og Adelia stilte med «Hold masken», ei uttrykksfull blyant-teikning. Ilaria hadde fire objekt av svært høg kvalitet; «Aging», «The Angel», «Marilyn Monroe» og «Juni Ito». I tillegg til at publikum kunne ta seg ein tur inn i utstillingslokalet vart også all kunsten presentert på storskjerm.

Dei talentfulle Masfjord-ungdomane

fortener ein stor dose skryt. Dei sto fram som positive og sjølvstendige, godt førebudde, og leverte innslag på høgt nivå.

Mønstringa vart gjennomført knirkefritt med unge arrangørar frå Alver, og dei gjorde ein framifrå jobb både før og under arrangementet.

Ein del av deltakarane på region-mønstringa får høve til å delta på fylkesfestivalen som går av stabelen i Åsane kulturhus i 25. -27. april. Dit er det mange av ungdomane som ønskjer seg. I år prioriterte ein å senda vidare deltakarar som ikkje har vore med på Fylkesfinalen før, men som samla sett viser den store breidda frå UKM Nordhordland.

Desse ungdomane skal representera Masfjorden på fylkesmønstringa:

Ilaria Sirman (16 år)

med kunstverka Aging og The Angel.

Lars Manfred Nordland Kvinge Tvedt (16år)

på slagverk med låten Radio/Video.

Sofie Ekren (13år)

med songen Rundt neste sving.



Tekst: Frank Kvinge

Foto: Sondre Lingås Haukedal/Avisa Nordhordland
Frank Kvinge



TRØNDERBESØK PÅ ELDREKAFÉEN

Sjølv om det ikkje vart ikkje servert trøndersodd på eldrekafeen, fekk dei frammøtte ein god porsjon Trøndelag då far og dotter Knut Dypvik og Guri Gjermstad Dypvik besøkte Masfjorden sjukeheim med ei ramsalt konsertforestilling der sjø og hav var i fokus.

Utanfor Namsos ligg øya Jøa, heilt ut mot storhavet og i Olav Duun-land. Her har Guri hatt oppveksten sin saman med familien. I dag er Guri busett i Bergen og arbeider som musikkterapeut i Øygarden kommune. Til denne konserten hadde ho med seg faren sin. Han har tidlegare vore dansebandmusikar, kulturskulerektor og rådmann i Jøa, men er no pensjonist. Havet har prega oppveksten og livet deira, og konserten hadde fokus på dette.

Guri er ein formidlar i særklasse. Før konserten tek til er ho rundt og helsar på publikum, lærer seg namna på dei som er der og er på fornamn når konserten begynner. Gjennom konserten trakterer ho piano, gitar og melodika, i tillegg til å synga. Mellom innslaga kommuniserer ho på meisterleg vis med publikum. Ho er direkte, inkluderande og slagferdig. Samspelet med faren Knut fungerer svært godt. Han spelar gitar og har ei mørk, mjuk, fyldig stemme som står godt til visene.

På storskjermen bak muskarane rullar det gjennom heile konserten vakre bilete frå Jøa og området rundt.

Dei to presenterer eit variert og vakkert program som fell i smak. Dei i salen storkosar seg, og syng med på viser dei kjenner til frå før.

-Eg skulle ønskt de kunne bli verande her i Masfjorden, og koma att dag etter dag, for dette var så utruleg fint å høyra på, seier Haldis Ulvatn då ho takkar av for konserten.



Tidlegare på dagen besøkte duoen seniorsamlinga på Sandnes med det same programmet. Biletet er teke der.

Tekst og foto: Jo Ronald Mjanger/Frank Kvinge

DIG IT!

• EI MUSIKALSK FILMREISE



VELKOMEN TIL EI MUSIKALSK FILMREISE
PÅ SANDNES SKULE! DETTE VERT EIN
MAGISK AFTEN DER DU MØTER:

- ❖ STORKORPSET SANDNES
SKULEMUSIKK
OG FJON MUSIKKLAG
- ❖ ASPIRANTANE
- ❖ KULTURSKULEELEVANE
SOFIE OG SANNA
- ❖ JØRN SKAUGE
- ❖ MARTE KVAMME
ANDERSEN

FILMKAFÉ



17. FEBRUAR 2025 KL. 19:00

Arr. Sandnes Skulemusikk/Fjon Musikklag

KONTAKTINFORMASJON



MASFJORDEN KOMMUNE

Telefon: 56 16 62 00

Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no

FRIST FOR INNSENDING

TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristen: 26. mars, 4.juni

Notér datoen i årshjulet
for organisasjon din.

Få med både førehandsomtale
og del gjerne bilete og minneverdige
stunder frå hendinga i etterkant,
slik at folk i bygdene kan få
eit innblikk i det som skjer.

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

frank.kvinge@masfjorden.kommune.no

mary.hope@masfjorden.kommune.no

[sigrun.haugsdal.reknes@](mailto:sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no)

masfjorden.kommune.no

torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no

alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving: Mary Hope

KYRKJA

Tlf. 56 16 62 61

e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjevevje: Eli Eidsnes

Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515

e-post kyrkjevevja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle

Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685

e-post: [torbjorn.saele](mailto:torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no)

@kyrkjaimasfjorden.no

Trusopplærar:

Else Iren Westervik

Tlf: 56 16 62 62 / 952 26 595

Epost: else.iren.westervik@kyrkjaimasfjorden.no

Konfirmantarbeidar:

Alf Holmaas Helland

Tlf. 920 20 148

Epost:

alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no

Organist: Boris Kuprijanov Tlf. 920 60 993

e-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar:

Remi Kallekleiv Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no

Vipps Masfjorden sokn: 620513